



Kartverket

Austevoll kommune
Birkelandsvegen 2
5392 STOREBØ
Norge



Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/02646-99

19.12.2018

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2016/124402 - Oterå/Otterå - Austevoll kommune

Marita Otterå Rykkje har på vegner av to grunneigarar kontakta Kartverket og reist namnesak for gardsnamnet *Oterå/Otterå* i Austevoll kommune. I samsvar med § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn vart andre avleidde namn òg tekne med i saka. Saka har vore på lokal høyring, der kommunen har kunngjort saka, og ho har deretter vore til tilråding hjå Stadnamntenesta. Kartverket gjer med dette vedtak i saka.

Vedtak

Med heimel i lov om stadnamn § 5 tredje ledd vedtek Kartverket Bergen at namna skal skrivast slik:

- *Otterå* (gard 59)
- *Vestre Otterå* (bruk 59/1)
- *Austre Otterå* (bruk 59/2)
- *Otteråhamnen* (vik)
- *Otteråneset* (nes)
- *Otteråvatnet* (vatn)

Juridisk grunnlag

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn er hovudregelen at det skal takast utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og at namnet skal normerast etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det gjevne utfyllande reglar om normering av stadnamn. Det må takast omsyn til det som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før, normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal spela inn, og serskilt ynsket til eigaren skal vektleggjast når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer ligg innanfor regelverket.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar. Vedtak som gjeld stadnamn får ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn, og slektsnamn skal heller ikkje påverka skrivemåten av stadnamn.

Uttale og skrifttradisjon

Dette gardsnamnet er oppgjeve med uttalen /å`trå:nó/ i bokverket Norske Gaardnavne av Oluf Rygh. Stadnamntenesta peikar på at namnet er lese inn med den same uttalen i Universitetet i Bergen si namnesamling frå Austevoll. I bygdeboka Austevoll ættesoge III frå 1991 vert òg *Åttråno* oppgjeve som lokal uttale. Marita Otterå Rykkje oppgjev i eit brev til Kartverket av 01.03.2016 at *Otterå* med kort o er ein vanleg uttale i dag.

Namnet har hatt mange skrivemåtar i offentleg bruk. Skrivemåten *Oterå* er brukt i utgåver av Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2010, og har fram til no stått som tilrådd skrivemåte i Sentralt stadnamnregister (SSR). I økonomisk kart (ØK) frå 1964 er namnet skriva *Otterå*, og denne skrivemåten er òg delvis brukt i den nemnde bygdeboka frå Austevoll, der skrivemåtane *Otterå* og *Åttråno* vekselvis er brukt i omtalen av garden. *Otteråen* (*Oteraaen*) er nytta i matriklane frå 1886, 1907, 1950 og i dag. *Oteråi* (*Oteraaei*) er bruk i alle 6 utgåver av gradteigskart frå 1929 til 1973, og i fyrste utgåva av Norge 1:50 000 frå 1952. *Oteråen* (*Oteraaen*) er brukt i alle 4 utgåver av rektangelkart frå 1867 til 1920. I utgåver av sjøkart frå 1919 og fram til 1950-åra vart *Otterånen* (*Oteraaenen*) brukt som skrivemåte. I seinare utgåver frå 1960-åra og fram til om lag 2000 har sjøkarta *Otteråni*, medan nyare utgåver frå 2003 og fram til i dag av sjøkart har *Oteråni*. I

